Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Suldal

Emne: 3

Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Veka

Gard:

(adresse): Bråtveit, Suldal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det vanlege ordet for bryne er "kvass-stein".
Nå brukar ein helst bryne av kunststeinar.
Før i tida fekk ein helst kvasssteinar frå Telemark, frå Rammedjuv i Eidsborg. Det kom folk derifrå med kjelkelass med kvass-steinar. Helst husmenn eller andre fatig folk som laga seg ei lita inntekt med dette.

Alle brukar slipestein nå til t.d. Ljåsliping. Men det kom ikkje i bruk her med slipestein, vass-stein, før i 1830-åra, og då i "Kvilldalshommen". Det var telemarkingar som kom med kunstein hit.

Før den tida tørte ein gjårne. Hamra dei ut på smidjestokk, heina dei så og kvatte dei til slutt. Heinen var ein sers grov kvatstein, og ofte lenger og breiare enn kvass-steinen.

Ein av dei siste som bruka tørslegjåo i Suldal var Mikkel Veka, død 68-år gamal i 1872.

Tørslegjårne sto lenger i bete enn slipe-gjårne, seiest det.

Knut Tjøstolvson, ein telemarking som sat på ein husmanns-plass i Bratveit, var ein meister til å få tørslegjårne til å bite.

Han slo på Vikebu ein sumar, er det fortalt. Og stod ei veke med same gjårn, er det sagt. Og om laurdagen bruka han same gjårn til bar-berkniv. Knut for til Amerika i 1880-åra.

Ola Hamna-flota, ein husmann, stod og heile veka med

212
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

same ljåen, tårrsaljå!
Men dei kvatte sjølvsagt ljåen ofte.

Tørringa av ljåen gjekk føre seg i smia, og oftast av husbonden.

Det er så ymse med kor lenge ein kan slå med ljåen. Ei økt oftast.

Det er vanleg må i Sirdal å ha eit par dusin nyslegne ljåar med på heile slåtten — til 2 slåttekarar. Ein har lyje[?] slipesteina i heia.

Ein tek alltid ljåen av orvet før ein slipar.

Ein ber kvass-steinen i kotehokk[?], og den fest bak bak i buksa etter ein jarnkrok. I hokken er vatn.

I kotehokken før ber ein òg stikka. Det er av jarn, 1 dm lang, gjålag[?] og ser slik ut.



Stikka brukar ein til å rette ljåen med. — få lag på han, så han fell lagleg med åt marka.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
212